

Hei, Kåre! Hugs at du også har full tilgang til å lesa dagens avis på nett. Les den her

annonse



arkocoonsu

I Strandavegen 2 på VOSS finn du to av våre juristar s med byggesøknader i heile Noreg. Om du er PROFF i LENA og MERETHE bistå deg med det meste innanfor

- Byggesøknadar i meir enn 100 kommunar
- Frådeling – Skøyte – Tinglysing
- Bruksendring – Seksjonering – Søknadsplikt

Kanskje Noregs største ANSVARL

Folkemusikalsk høgdepunkt

Vakkert, lyrisk og praktfullt. Hildo innfridde vonene og meir til.

27.03.2018 kl 16:02 (Oppdatert 09.04.2018 kl 12:34)



Nils Kvamsdal
Tlf: 970 89 869

Viss ikkje samarbeidet mellom Tore Brunborg og Berit Opheim held fram etter konsertane på Vossa Jazz og på Riksscenen i hovudstaden, er det både synd og skam – og eit stort tap for heile kultur-Noreg.

Urframføringa av prosjektet Hildo i Gamlekinoen laurdag vart ei ut av kroppen-konsertoppleving. Så sanseleg vakkert, så gjennomarbeidd på alle plan, og så utruleg dyktig gjennomført av fem av våre største musikarar.

For Tore Brunborg og Berit Opheim var ikkje åleine på scena. Kontrabassist Steinar Raknes, perkusjonist Kåre Opheim og gitarist og langeleikspelar Stein Urheim ytte sin skjerv og vel så det. Dette er musikarar som ikkje berre gjer jobben, men som er i stand til å lyfta ein kvar konsert frå stor til magisk.

Av dei største

Det er verd å merka seg at på ein festival med ei rad norske og internasjonale stjernemusikarar, er det to av Voss sine eigne – tre med Kåre Opheim – som leverer eitt av dei desiderte musikalske høgdepunkta. Ikkje uventa, når ein veit kva musikalske kvalitetar Tore Brunborg og Berit Opheim innehar. Det har vore skrive spaltemeter i norsk og internasjonal presse om Brunborg sitt saksophonspel.



REIN MAGI: Samarbeidet mellom Tore Brunborg og Berit Opheim er skapt i himmelen. Konserten i Gamle rein magi. (Foto: Jon Hunnålvatn Tøn)

Han har ein tone som ingen andre. Som ein laserstråle, skjer han seg gjennom mørkeret utanfor scenerommet, men likevel så varm og var at det til tider er vanskeleg å halda tårene attende. Og sjølv om det vart sagt før konserten at alle musikarane hadde medverka til arrangementa, er det liten tvil om at Brunborg også her synte si klo og sin meisterskap i orkestrering.

Kanskje er det han og Raknes som har bidrege aller mest her.

Også om Berit Opheim er det vanskeleg å finna nye superlativ. Men det skal i alle fall seiast at ho i Hildo har plukka fram songar som let henne syna fram ei anna side av stemma. Berit er langt meir enn ein tradisjonell kvedar, ho har ein teknikk og ein stemmekontroll som seier at ho med stor suksess kan gå inn i andre sjangrar enn dei reint folkemusikalske. Noko ho synte til fulle i den vesle songsyklusen rundt segna om kyrkjeklokka Hildo.

Folketonar

At dette prosjektet ber namnet Hildo er sjølv sagt ikkje tilfeldig. Berit og Tore var frå starten av samde om at det var dei lokale folketonane, stort sett frå Voss, Hardanger og Sogn, som skulle danna fundamentet. Men prosjektet syner til fulle den store breidda som ligg i dette materialet.

Frå starten med Vetle fuglen og til avslutninga med den nydelege kveldssongen frå Flå i Hallingdal, fekk me både slåttesteiv, Dan vetla rjupo pao Folgafodne av Geitt Tveitt, mellomalderballadar, steiv, skjemetviser og eit instrumental-mellomspel der både saksofonisten Brunborg og perkusjonisten Kåre Opheim fekk utfalda seg.

Og sjølv sagt var Da e so fagurt i Finnesloftet – i ein versjon etter Ingebjørg Lie og Kristi Mørkve, med.

Langvarig arbeid

I fleire år har Berit og Tore snakka om å gjera noko saman, men som travle frilansmusikarar, er det ikkje lett å finna rom til slikt. Det var fyrst då Riksscenesjefen Helge Skansen for to år sidan gav Tore i oppdrag å gjera noko saman med Berit, at høvet baud seg. Urframføringa laurdag var resultatet av eit samarbeid mellom Riksscenen og Vossa Jazz.


Det er ved slike høve Voss sin store festival syner ein av sine viktigaste sider: viljen og evna til å heile tida skapa nytt, på eit svært høgt nivå.

Det er ikkje tvil om at Hildo har eit svært stort potensial med tanke på albumutgjeving, men ei innspeling kan aldri formidla intensiteten og formidlinga i sceneversjonen. Derfor er det heilt naudsynt at Hildo får leva og levera på eit utal scener innan- og utanlands. Og at mannskapet bak held fram arbeidet med å bera fram vår fantastiske musikkarv.

Karakter: 5 av 5

Klikk for å se kommentarer (0)

Avisa Hordaland på nett i avis



KORTREIST: Berit Opheims praktfulle kveding skaper et uttrykk du ikke finner noen andre steder, mener BTs anmelder. **FOTO:** RUNE SÆVIG

VOSSA JAZZ // To av konsertene får seks hjerter av BTs anmeldere. Les vår oppsummering fra Vossa Jazz her!

Hildo hyllet med stående applaus

ANMELDT KONSERT

Skadedyr og Anders Røine «Mutationas Tempestas»



Gamlekiøen

DET ER TENDENSER til anarki og kaos i Gamlekiøen da 13 unge musikere går på scenen for å fremføre det nyskrevne verket «Mutationas Tempestas». Å virkelig utydpe verkets tematikk er det ikke plass til her, men noen stikkord er natur, roboter og the big bang. Skadedyr, med Hans Hulbekmo og Anja Lauvdal i spissen, er et av de mest spennende og sjangeroverskridende bandene på den unge norske jazz-scenen (albumet «Culture» må høres).

På Vossa Jazz har de fått med seg multiinstrumentalisten Anders Røine, og innledningsvis får de 13 musikerne det til å høres ut som om radiokanalene NRK Jazz, Alltid Folkemusikk og P3 står på samtidig. Verket går så i alle mulige retninger, og i løpet av konserten er de innom alt fra house-aktige partier til en lengre munnharpe-seanse. Og nesten alt mellom.

Alt kan skje når Skadedyr står på scenen, og da de var ferdige på Vossa Jazz, lurte vi på hva det var som egentlig skjedde. Det eneste vi kan si sikkert er at ingenting låter som dette. **KJETIL K. ULLEBØ**

ANMELDT KONSERT

Hildo



Gamlekiøen

PÅ VOSS går det mye i kortreist mat og øl. Men hvem hadde vel trodd at det også finnes så mye bra ukjent tradisjonsmusikk fra distriktet. Gamle stev, middelalderballader og slåtter fra Voss, Hardanger og Sogn blir under Vossa Jazz hentet frem i lyset av Berit Opheim og Tore Brunborg.

Sammen med et knippe kortreiste musikere blir den gamle folkemusikken lett oppjazzet og tilførte en moderne tonedrakt. Vakkert, spennende og forførende. Ikke minst Berit Opheims praktfulle kveding skaper et uttrykk du ikke finner noen andre steder. En fullsatt kinosal hyller da også musi-



PÅ LIV OG DØD: Mary Halvorson ser kanskje ikke ut som en klassisk gitarhelt, men hun spiller som om hver tone handler om liv og død. **FOTO:** RUNE SÆVIG

ANMELDT KONSERT

Mary Halvorson's Code Girl



Café Stationen

PÅ VEGGEN over scenen på Café Stationen på Park Hotell på Voss henger det et skilt der det står

nevnes spesielt, leverer hun et eksplosivt sett som fremkaller store doser spontan applaus fra publikum.

Halvorson har sin bakgrunn fra New Yorks improvisasjonscene, og hun har sin helt egen måte å spille på. Med sin halv-kustiske gitar gir hun oss en blanding av jazz, folk og støy. I





KORTREIST: Berit Opheims praktfulle kveding skaper et uttrykk du ikke finner noen andre steder, mener BTs anmelder.

FOTO: RUNE SÆVIG

VOSSA JAZZ // To av konsertene får seks hjerter av BTs anmeldere. Les vår oppsummering fra Vossa Jazz her!

Hildo hyllet med stående applaus

ANMELDT KONSERT

Skadedyr og Anders Røine «Mutations Tempestas»



Gamlekinoen

DET ER TENDENSER til anarki og kaos i Gamlekinoen da 13 unge musikere går på scenen for å fremføre det nyskrevne verket «Mutations Tempestas». Å virkelig utdype verkets tematikk er det ikke plass til her, men noen stikkord er natur, roboter og the big bang. Skadedyr, med Hans Hulbekmo og Anja Lauvdal i spissen, er et av de mest spennende og sjangroverskridende bandene på den unge norske jazz-scenen (albumet «Culture» må høres).

På Vossa Jazz har de fått med seg multiinstrumentalist Anders Røine, og innledningsvis får de 13 musikerne det til å høres ut som om radiokanalene NRK Jazz, Alltid Folkemusikk og P3 står på samtidig. Verket går så i alle mulige retninger, og i løpet av konserten er de innom alt fra house-aktige partier til en lengre munnharpe-seanse. Og nesten alt imellom.

Alt kan skje når Skadedyr står på scenen, og da de var ferdige på Vossa Jazz, lurte vi på hva det var som egentlig skjedde. Det eneste vi kan si sikkert er at ingenting låter

ANMELDT KONSERT

Hildo



Gamlekinoen

PÅ VOSS går det mye i kortreist mat og øl. Men hvem hadde vel trodd at det også finnes så mye bra ukjent tradisjonsmusikk fra distriktet. Gamle stev, middelalderballader og slåtter fra Voss, Hardanger og Sogn blir under Vossa Jazz hentet frem i lyset av Berit Opheim og Tore Brunborg.

Sammen med et knippe kortreiste musikere blir den gamle folkemusikken lett oppjazzet og tilførte en moderne tonedrakt. Vakkert,



PÅ LIV OG DØD: Mary Halvorson ser kanskje ikke ut som en klassisk gitarhelt, men hun spiller som om hver tone handler om liv og død.

FOTO: RUNE SÆVIG

ANMELDT KONSERT

Mary Halvorson's Code Girl



nevnes spesielt, leverer hun et eksplosivt sett som fremkaller store doser spontan applaus fra publikum.

Halvorson har sin bakgrunn

Bergens Tidende på nettside i avis

salt peanuts*

(<http://salt-peanuts.eu/>)

Find in salt peanuts*

Search sp*

Home ■ (<http://salt-peanuts.eu/>)

Why salt peanuts*? ■ (<http://salt-peanuts.eu/why-salt-peanuts/>)

Contact salt peanuts* ■ (<http://salt-peanuts.eu/kontakt/>)

Advertize on salt peanuts* ■ (<http://salt-peanuts.eu/annonsering/>)

Konserter



Lang dags ferd mot natt

VOSSA JAZZ, LØRDAG 24. MARS 2018: Så er andre dag av årets Vossa Jazz historie. Og lørdagen på årets festival vil gå inn i historien som en av de beste i denne festivalens historie.

Men før vi endelig konkluderer, må vi starte med dagens begynnelse. Etter en gliterende åpningsfredag startet våre utsendte den nye dagen tidlig.

Å måtte være på plass i Osasalen allerede klokken 12:00, er et nesten skremmende tidlig tidspunkt når man er på jazzfestival. Men hva gjør man ikke for å oppleve den danske vokalisten **Nana Rashid**, i duo med den svenske pianisten **Petter Rylén**.

Forrige gang salt-peanuts.eu hørte denne duoen, var nærmest ved en tilfeldighet. Undertegnede ramlet mer eller mindre tilfeldig inn på et vertshus under Århus Jazz Festival i 2016, hvor disse to var på plass og skapte himmelsk vakker musikk (selvfølgelig rapportert på salt peanuts*) (<http://salt-peanuts.eu/consert/danskedagen-med-en-gedigen-overraskelse/>)

Nana Rashid er en relativt ukjent vokalist i Danmark. Men det bør ikke vare lenge. Inntil nå har hun prioritert sin rolle som musikkpedagog, og dermed som lærer for framtidige vokalister, framfor sin egen rolle som utøvende musiker.

Men da hun ble tilbudt spillejobben på Vossa Jazz, organiserte de en liten turné i Sverige, Danmark og på Voss. Sannelig på tide, vil mange av oss si.

Den fullsatte Osasalen ved Ole Bull-akademiet fikk en strålende musikalsk opplevelse denne lørdagen med disse to musikerne. Jeg har tidligere sammenlignet duoen med «Fairytale»-duoen, det legendariske samarbeidet mellom den norske vokalisten Radka Toneff og pianisten Steve Dobrogosz med plata med samme navn fra 1982.

For det er noe med den sterke stemmen til Nana Rashid og Ryléns fine pianospillet som minner om akkurat denne duoen. Rashid har i konserten plukket fram låter fra sterke kvinner i jazzhistorien, og lager sine helt egne, vare og sarte versjoner av disse låtene. Hennes versjoner er gjerne framført i et svært smakfullt og minimalistisk arrangement, der Ryléns pianospill, sørger for at musikken går rett inn i sjela hos tilhørerne. En flott åpning på en lang dags ferd mot en lørdagsnatt. (JG)

Eg vil ha meir enn ein blå ballong

Arne Bendiksen stod for monokulturen i ballongverda. **Eirik Hegdal & Co** baud på heile regnbogen. Tingingsverket 2018 hentar sine estetiske preferansar frå litt anna hald enn det som har prega tingingsverka på Vossa Jazz dei siste åra. Når det gjeld forholdet til sjølve verk-omgrepet, har Hegdal eit like romsleg forhold til det som mange av forgjengarane sine. Verket «**Musical Balloons**» har ein raud tråd i alle dei ulike musikalske sjangrane og uttrykka som Hegdal lar seg inspirera av og korleis denne inspirasjonen gjev seg kompositorisk og framføringsmessig uttrykk.

Her blir jazz i mange valørar, blues, country og calypso servert på løpande band. Ofte blir musikalske idear sette opp mot kvarandre. Andre gonger blir nye stemmer eller groovar introduserte og tek over den musikalske forteljinga for så å kverva og ein vender attende til utgangspunktet. Hegdal er ein krevjande komponist og kapellmeister.

Eg har ikkje konsultert statistikken, men dette tingingsverket må setja rekord i takt- og temposkifte. Hegdal ynskjer båe stram regi og laus jakke. Ein kan gjerne sjå på dette som litt Ole Brum'sk – ja takk, båe deler, men her er det faktisk det som skjer. Bandet leverer på båe tingingane. Det som kunne ha blitt anstrengt, er berre ein sann fryd.

Hegdal har sett saman eit ensemble som fiksar musikken og kan tilføra spanande improvisasjonskrydder. **Nils Olav Johansen** trakterer både gitar og banjo. I tillegg syng han ved nokre høve, m.a. på valsen som blir framført som ekstranummer. **Eivind Lønning** spelar både trompet og piccolotrompet, **Mattias Ståhl** spelar vibrafon, men sveipar innom sopransaksen på ein låt. Hegdal sjølv spelar både bass- og vanleg klarinett i tillegg til altså. **Ole Morten Vågan**, bass og **Jon Fält**, trommer kompletterer ensemblet.

I tillegg til å vera glimrande instrumentalistar har Hegdal med dette instrumentariet ein særskild rik klangpalett. Han utnyttar det til fulle. Eg har saumfart notatane mine, og ingen av ballongane er valt ut som favorittballong. Eg tar ikkje ein Bendiksen. Eg går for heile knippet av «Musical Balloons». Det var først og fremst verket til Hegdal som var vellukka.

Det blir sagt at om ein skal lukkast i morgondagens arbeidsmarknad, så er evna til omstilling viktig. Vossa Jazz byr på god, men kanskje ikkje heilt tilsikta?, trening. På ein halvtime skal ein vera omstilt frå musikalske ballongar til **Hildo** (bilete)

Det gjekk greit. **Berit Opheim** fiksa den biffen. Frå fyrste tone så er du hekta. Prosjektet er bygd opp rundt myten om ei eldgammel kyrkjeklokke i Vangskyrkja som vossingane i naiv velvilje skulle låna til bergensarane. Klokkene kom aldri lenger enn til Bolstadfjorden om ein skal tru segna eller Knut Bjørgås.

Med dette utgangspunktet hadde Berit valt ut ulike folkeviser frå Voss, Hardanger og Sogn. Bandet, **Tore Brunborg**, sopran- og tenorsaks, **Stein Urheim**, ymse strengeinstrument, **Steinar Raknes**, bass og **Kåre Opheim**, trommer, har arbeidd ut arrangementa. Nokre av desse arrangementa er små perler, m.a. «Finnesslottet» og «Eg vilde ikkje eg» (#metoo på 1700-talet). Særleg førstnemnde er eit skuleeksempel på korleis ein kan byggja opp intensitet utan å spela mange fleire tonar mykje sterkare.

Samspelet mellom dei fire er fabelaktig avstemt, og det er ein fryd å høyra alle fire i fri utfalding. Det blei likevel Berit Opheim som var den store opplevinga. Ho spelar på heile registeret. Sjølv når Brunborg spelar variasjonar av melodistemma ganske sterkt, står Berit sin vokal fram sterk og klar. Sjølv i dei svakaste partia er stemma til Berit glasklar, og ein høyrrer kvar minste detalj. Berit Opheim formidlar gjennom songen sin ein personlegdom som fascinerer. Uansett kva Berit Opheim syng, så trur ein på henne. Ein trur på Berit Opheim på same måte som ein trur på Billie Holiday. (LM)

Middelalderballadar i moderne tonedrakt

var temaet for urframføringa til **Friensembelet** i Osasalen laurdag ettermiddag. Tekstane til desse mange hundre år gamle balladane er ikkje akkurat kosetekstar. Som til dømes «Horpa», som handlar om to søstre som var forelska i same mann. Den sjalu storesøstra hiver likegodt lillesøstra på elva så ho druknar. Men liket driv i land lengre nede i elva, der mannen som finn ho, lagar ei harpe av ho.

Brystkassa er klangbotn, håret vert tvinna til strengar. Denne harpa tar han med i brudlauget til storesøster, der alle får høyre korleis dette hadde gått til. Eller songen om de tre fredlause mennene som rømmer i en båt vinterstid til Shetland. Før dei når fram, frys dei fast i isen på havet, og går tom for mat. Først et dei opp skoa sine, knivslirene og endatil seglet på båten. Til slutt trekk dei lodd om kven som skal slåast i hel slik at dei andre kan ete han.

Melodiane til desse balladane er svært vakre og trolske. Songaren **Unni Boksasp** framfører desse i folkemusikktradisjon på ypparleg vis. Ein kunne tenkje seg at bandet kunne gå seg fast i alt desse vakre tonane.

Arrangør, orkesterleiar og treblåsar **Matilde Grooss Viddal** gjekk ikkje i den fella. Hun har skrive glitrande arrangementer som byggjer opp om desse dramatiske historiane. Av og til trekkjer ho musikken heilt ut i atonal frijazz, av og til legger ho klangveggar som fungerer som besk kontrast mot dei vakre songtonane. Bandet er eit skikkeleg samspelt A-lag, og vi fekk mange spanande soli. Særleg merka vi oss den fransk-syriske fløylisten **Naïssam Jalal** som leverte soli av høg klasse, der hennar syriske bakgrunn kunne høyrast. Også **Kristoffer Alberts** på altsaksofon spela så røyken dreiv og blodet skvatt.

Naïssam Jalal – fløyte, **Unni Boksasp** – vokal, Mathilde **Grooss Viddal** – bassklarinetar, saksofonar, **Kristoffer Alberts** – altsaksofon, **Øyvind Brekke** – trombone, **Per Willy Aaserud** – trompet, elektronikk, **Britt Pernille Frøholm** – hardingfele, **Tellef Kvifte** – laptop, tangentar, **Knut Kvifte Nesheim** – trommer, vibrafon, **Ellen Brekken** – bass
(BS)

På enkelte jazzkonsertar kan ein irritere seg over folk som står og pratar under konsertane og ikkje bryr seg det minste over artistane på scena. Slik var det ikkje då et av Noregs største stjerneskudd på jazzhimmelen, **Natalie Sandtorv** heldt konsert på Café Stationen laurdag kveld. Det gjekk ikkje mange sekunder inn den første låta før pratmakarane heldt kjeft og vende seg mot scena.


Etter debutalbumet «Freedom Nation», har det ikkje mangla på strålende omtaler både heime og ute. Musikken er ei salig blanding av rock, funk, indie, jazz og enno nokre fleire sjangrar. Sandtorv har eit nærvær og ein intensitet på scena som ikkje mange har. Røysta hennar er kraftfull, og ho har tekstar som ikkje innbyr mykje til kos og fjas. Nokre av låtene kunne passa like godt i stadionformat som i eit lite intimt kafelokale på Voss. Legg ein til flotte låtar og eit band med musikarar av første klasse, så har ein oppskrift på suksess. Sandtorv har full kontroll på bandet sitt på scena. Personleg kunne denne skrivaren tenkje seg at ho kunne sleppe til dei solistiske kvalitetene til muskarane enno meir.

Natalie Sandtorv – vokal, **Jonas Hamre** – saksofon, elektronikk, **Eirik Havnes** – gitar, elektronikk, **Liz Kosack** – synthar, **Dan Peter Sundland** – bass, **Ole Mofjell** – trommer
(BS)

hadde skrive. Han var ivrig og låg ein dag føre meg i skrivinga. Sikkert avdi redaktøren og var til stades og passa på han.



Annonsere på Audiophile.no?



Audiophile.no i flere kanaler:



Nyeste fra Audiophile-TV

Audiophile-TV: Pentatone - Season 2.



Les mer...

Audiophile-TV: KKV - Update with new episodes 07.11.14



Les mer...

Audiophile-TV på Hortenmessa 2014



Foto: Eirik Ryvoll Åsheim. Vossa Jazz

HILDO

"Hildo" er eit samarbeid mellom songaren Berit Opheim og saksofonisten Tore Brunborg. Begge vossingar. Med seg i "gamlekinoen" hadde dei med seg Steinar Raknes på bass, Stein Urheim på diverse strengeinstrument og Kåre Opheim på trommer. "Kortreist musikk og kortreiste musikkarar", spøkte Berit frå scena. Og det er lett å tenkje at det var enkelt å engasjera Opheim på trommer avdi han óg er vossing. Men eg kjenner ikkje mange som kan rytmesetja eit musikkstykkje meir elegant, og samstundes avdempa spanande, som Kåre Opheim. Saman med Sigrid Moldestad, som han spelar fast med, dagen i førevegen, var det heilt ekstatisk. Gåsehud og tåredrypp. Verdsklasse. Men attende til Hildo, som var namnet på den gamle kyrkjeklokka som ljoma utover Vossevangen frå tårnet på Vangskyrkjo i gamle dagar. Eit av mange segn seier at bergensarane ville låna klokko, og vossingene var dumme nok til å seia ja. Ute i Bolstadfjorden rauk det opptil uver, båten sokk, og der ligg klokko på havsens botn den dag i dag. Men ikkje spør, eg er ingen historikar.

Kontrastene til Tingingsverket, som eg kom rett i frå, kunne ikkje vore større. Her (Hildo) var det lyrisk og harmonisk heile vegen, i ein perfekt amalgam mellom folkemusikk og jazz, ein kombinasjon og alltid har elska. Dette har europeiske røter, mange kallar den skandinaviske jassen for fjelljazz, viddejazz eller kva det måtte vera, medan tingingsverket lente seg på amerikanske tradisjonar, om eg har rett. Me er heldige som kan velja frå øvste hylle.

Lyden var fantastisk både frå gamlekinoen (Hildo) og Vossasalen (tingingsverket), men lyden i Vossasalen var noko varmare og meir i min smak. I begge tilfelle hang her "in-line"-høgtalarar frå Meyer ned frå taket, peikande beint fram, slik eg likar det. Godt skrudd lyd både stader.

Seinare på kvelden såg eg fram til Møster, denne gongen med Edwards og K. Andersen, men då hadde eg med meg gjester som ikkje fann seg til rette med denne type frijazz, so turen gjekk vidare til Good Time Charlie på Pentagon, og Dinamitri i Vossasalen. Good Time leverte blues slik mange likar, og fylgjet mitt slo seg ned der. Sjølv lurte eg meg fleire turar ut til Dinamitri Jazz Folklore frå Italia, og her gjekk da føre seg! Perfekt avslutning på ein laurdagskveld, folk dansa til dei snubla og datt, dette var bønn pinne, rytmisk og rått. Goa pote! Det kunne faktisk minna om Møster i fjor, kor han mellom anna hadde med seg to trommisar. Enorm partyfaktor. Og det var nok óg meininga.

SUNDAG



Nyeste tråder på Hifisentralen



Nye plateutgivelser

So is my Love. Ny musikkutgivelse med 3D-lyd fra 2L.

PLATENYTT: FIXITY utgir The things in the room på CD og vinyl

PLATENYTT: Komponisten Ken Thomson utgir albumet Restless på vinyl

PLATENYTT: 4 nye utgivelser fra Pentatone i horisonten.



PLATENYTT: Deep Purple – The Vinyl Collection

HighRes utgivelser fra BIS



Høstens utgivelser fra Simax og Aurora



Sono Luminus adopterer Auro-3D



PLATENYTT: Mahler & Liszt – to nye SACDer fra PENTATONE.



PLATENYTT: 4 nye multikanals SACDer fra Linn Records



PLATENYTT: Tre nye utgivelser fra PENTATONE i april.





Hildo heitte den gamle kyrkjeklokka som ljoma over Vossevangen frå tårnet på Vangskyrkja i gamle dagar. Hildo er eit samarbeid med Riksscenen og det var klar for urframføring i Gamlekinoen laurdags kveld. I ein fullstappa og svett sal var alt klart for to av våre aller mest klangfulle og sagnomsuste vossingar: Tore Brunborg og Berit Opheim. Dei hadde fått med seg Kåre Opheim, Steinar Raknes og Stein Urheim som saman danna eit stjernelag.

Berit Opheim meldte sjølv at i tillegg til kortreiste musikarar skulle me få høyra hovudsakleg kortreiste vakre låtar og slåttar, arrangert i ny jazzdrakt – og her fekk me høyra om både praktfulle Lønahorgi, nostalgiske Finnesloftet, og sjølvsgatt om Hildo. Historia om korleis klokka forsvann ned i djupet av fjorden utanfor Bolstad minner oss om at vene Voss er staden der me alle vil vere.

Brunborg leia det erfarne stjernelaget gjennom dei ulike arrangementa – og dei fekk alle høve til å skine både på instrumentar og Berit si magiske stemme. Kåre Opheim gjennomførte ein trommesolo som var ei salig reise til stjernene verdig.

Dei avslutta med ein kveldssong – sjølvsgatt til ståande applaus fra ein tettpakka kinosal.

🕒 24. mars 2018

Les meir om: berit opheim (<https://vossajazz.no/merkelapp/berit-opheim/>) | kåre opheim (<https://vossajazz.no/merkelapp/kare-opheim/>) | stein urheim (<https://vossajazz.no/merkelapp/stein-urheim/>) | steinar raknes (<https://vossajazz.no/merkelapp/steinar-raknes/>) | tore brunborg (<https://vossajazz.no/merkelapp/tore-brunborg/>)

Artikkel under: Nyhende (<https://vossajazz.no/kategori/artikkel/>)

FACEBOOK TWITTER GOOGLE

Søk i vossajazz.no...



(<http://vossajazz.no/english-summary/>)
(<https://www.facebook.com/vossajazz/>) (<https://twitter.com/vossajazz>)

© 2018 -

(/)

: Vangsgata 6, P.boks 223, 5702 Voss